ANSVARSKONTRAKT

Leige av Hareidhallen

Det er inngått slik avtale mellom brukar _____

og utleigar Hareid kommune _____

1. Treningstid i Hareidhallen
Leigetakar har berre høve til å bruke Hareidhallen til avtalte tider.
Normal treningstid skal vere slutt kl 22.00.
Etter særskilt avtale kan ein trene/bruke hallen til kl. 22.30.
All avtale om leige skal skje gjennom servicetorget på Hareid rådhus, der ein også får utlevert nøklar mot depositum.

2. Ansvar for bygget og eventuelt skadeverk
Brukar har eit klart ansvar for bygget og alle dei skadar som kan skje under trening/bruk.
Hareidhallen er ein idrettshall med spesielle reglar, m.a. om innesko, og desse må følgjast. Utstyr som er berekna til uteaktivitet skal ikkje nyttast inne i hallen.
Om det vert skade i hallen/ på golvet, har brukar ansvar for straks å melde frå om dette til kommunen, slik at skadeomfang kan avgrensast/bøtast.
Om skaden er fylgje av uvettig bruk, kan brukar bli økonomisk ansvarleg.

3. Reglement
Brukar (leiar for lag, organisasjon) får utlevert reglement og ansvarskontrakt for treningstider.
Leiaren for gjeldande lag har ansvaret for at denne kontrakta vert overhalden.

Underskriven ansvarskontrakt må leverast kommunen før treningsåret startar.

_____ for brukar

_____ for Hareid kommune

KVITTERING PÅ UTLEVERT NØKLAR

Før leigetakar får utlevert nøklar til Hareidhallen skal
- det betalast ei depositum på kr. 500 og
- det må skrivast ansvarskontrakt for leige av Hareidhallen

Levert ut til:

Dato	Fornamn, etternamn	Nøkkelnr./ brikke	Tal på nøklar/brikker

Signatur Hareid kommune

Signatur leigetakar